

(A) = Åpen, kan bestilles fra Arkeologisk museum i Stavanger  
(B) = Begrenset distribusjon  
(C) = Kan ikke utleveres



## Undersøking av mannsgrav frå vikingtid og registrering av busetnadsspor frå bronse- og jernalder

Nedre Øksnevad, gnr.7 bnr. 1  
Klepp kommune.

Even Bjørdal

---

AmS saksnummer: 05/2005  
Journalnummer: 02/1258

---

Dato: 13.06. 2007  
Sidetal (inkl. vedlegg): 85  
Opplag: 20

---

OPPDRA GSGJEVAR:  
Arkeologisk museum i Stavanger

---

STIKKORD:  
Rik mannsgrav frå vikingtida  
Omfattande busetnadsspor frå bronse- og jernalder

---



Oppdragsrapport 2006/17  
Arkeologisk museum i Stavanger  
Avdeling for fornminnevern

Utgjevar:  
Arkeologisk museum i Stavanger  
Box 478  
4002 STAVANGER  
Tel.: 51 84 60 00  
Fax: 51 84 61 99  
E-post: ams@ark.museum.no

Stavanger 2007

# Undersøking av mannsgrav frå vikingtid og registrering av busetnadsspor frå bronse- og jernalder

Nedre Øksnevad, gnr.7 bnr. 1  
Klepp kommune.

Even Bjørdal



Arkeologisk museum  
i Stavanger

## Rapport til topografisk arkiv



### Arkeologisk museum i Stavanger

Vår ref.: Sakshandsamar: Arkivkode Dato:  
Olle Hemdorff, AmS 613 13.06. 2007

Kommune: Klepp  
Gardsnamn: Nedre Øksnevad  
Gnr: 7  
Bnr: 1  
Lokalitetsnamn:  
Tiltakshavar: Øksnevad vidaregåande skule  
Adresse: Jærvegen 90, 4352 Kleppe  
Saka sitt namn: Sikringsundersøking, masseuttak - gnr 7, bnr 1 - Øksnevad vgs

AmS saksnummer: 05/2005 Flyfotoreg nr: 514 B 8, 514 C 8  
Brevjournalnr: 02/1258-4/1120-7, A-433 Fornminnenr: 514 C 8 X4, 514 C 8 X13  
Kartblad og UTM: AK 019-5-1 / AK 019-5-2 ID (Askeladden): 15070  
/ AK 019-5-3  
32VLL069227 1212IV  
H o h: 20 - 23 m

Aksesjonsnr: 2005/40(undersøking) og 2005/41(synfaring), 2006/37 (anleggsspor, "øvrige funn") og 2006/38 (funn frå grav A30)

Museumsnr: S12231 og S12308 (undersøking 2005), S12267 (undersøking 2006: funn som ikkje kjem frå grav) og S12274 (undersøking 2006: funn frå gravkontekst) 2005/21-1

Natvit. prøvenr:  
Fotonr: 64698 - 64705 (dias, undersøking 2005), 7003/1-7 (Svart-kvit, undersøking 2005), 68935 - 69049 (digitale, undersøking 2006)

Synfart: 10.09. 2002  
Ved: Fagkonsulent Torleif Hodne, Klepp kommune  
Synfart: 29.11. 2005 og 08.12. 2005  
Ved: Personell frå Arkeologisk museum i Stavanger, m.a. Olle Hemdorff  
Feltundersøking: 07.11. - 09.11. 2005:  
Undersøking av automatisk freda kulturminne i område for gammalt masseuttak ("masseuttak A")  
20.12. 2005:  
Undersøking av kokegrop i hellinga ned mot vadestaden over Figgjoelva, i område for nytt masseuttak ("masseuttak B")

Ved: Feltleiar Barbro I. Dahl, feltassistent Ingrid Iversen  
Feltundersøking: 26.09. - 22.11. 2006  
Ved: Feltleiar Even Bjørdal  
Øvrige frå Arkeologisk museum i Stavanger: Bitten Bakke, Catinka Borgarp, Monica Hovdan, Gitte Kjeldsen, Tore H. Olsen og Åge Pedersen

Rapport: Skreven innanfor perioden 05.03. - 13.06. 2007

Gjeld: Undersøking av mannsgrav frå vikingtid og registrering av busetnadsspor frå bronse- og jernalder, Nedre Øksnevad, gnr. 7, bnr. 1, Klepp kommune.

## Innholdsoversyn

<b>1. Samandrag</b>	<b>s.</b>	<b>5</b>
<b>2. Innleiing</b>	<b>s.</b>	<b>6</b>
2.1	Lokalisering	s. 6
2.2	Bakgrunn for undersøkinga: hendingar før utgravinga hausten 2006	s. 6
2.3	Registrerte kulturminne i området	s. 7
2.3.1	I planområdet	s. 7
2.3.2	I nærområdet	s. 10
2.4	Problemstilling og føremål med undersøkinga	s. 13
<b>3. Om historia til staden og ei skildring av terreng og objekt</b>	<b>s.</b>	<b>14</b>
3.1	Historia til staden	s. 14
3.2	Skildring av terrenget	s. 14
3.3	Skildring av objekt før undersøkinga	s. 14
<b>4. Tidsrom og deltakarar</b>	<b>s.</b>	<b>15</b>
4.1.	Tidsrom	s. 15
4.2.	Gjennomføring, vértilhøve og tidsbruk	s. 15
4.3.	Deltakarar	s. 15
<b>5. Metode</b>	<b>s.</b>	<b>16</b>
5.1	Graveteknisk metode	s. 16
5.2	Dokumentasjon	s. 18
5.2.1	Teikning	s. 18
5.2.2	Fotografering	s. 19
5.2.3	Innsamling av prøver	s. 19
5.2.4	Funn	s. 19
5.2.5	Innmåling	s. 20
5.3	Om utføringa av undersøkinga	s. 20

<b>6. Om stratigrafi og kjeldekritiske aspekt</b>	<b>s.</b>	<b>26</b>
6.1 Stratigrafiske tilhøve og funnfordeling	s.	26
6.1.1 Horisontalt	s.	26
6.1.2 Vertikalt	s.	28
6.2 Kjeldekritiske aspekt	s.	29
<b>7. Funnmateriale</b>	<b>s.</b>	<b>30</b>
7.1 Funnmengde, funnkategoriar og materialtypar	s.	30
<b>8. Skildring av anlegg / strukturar</b>	<b>s.</b>	<b>30</b>
8.1 Innleiing	s.	30
8.2 Grav A30 og mogleg grav A60	s.	30
8.3 Øvrige anleggsspor i områda undersøkt i 2005 og 2006	s.	31
8.4 Samanfating	s.	32
<b>9. Naturvitskapleg materiale</b>	<b>s.</b>	<b>33</b>
<b>10. Tolking av lokaliteten i lys av strukturar og funn</b>	<b>s.</b>	<b>33</b>
<b>11. Formidling og publikumskontakt</b>	<b>s.</b>	<b>33</b>
<b>12. Litteratur</b>	<b>s.</b>	<b>34</b>
<b>13. Vedlegg</b>	<b>s.</b>	<b>36</b>
Vedlegg 1 Fotolister	s.	37
Vedlegg 2 Liste over anlegg/strukturar	s.	48
Vedlegg 3 Liste over teikningar	s.	52
Vedlegg 4 Funnliste	s.	54
Vedlegg 5 Katalog (S12231, S12267, S12308)	s.	57
Vedlegg 6 Liste over vitskapelege prøver	s.	63
Vedlegg 7 Oversynskart over nærområdet til Nedre Øksnevad, gnr 7 bnr 1, Klepp kommune	s.	64
Vedlegg 8 Oversynskart over sjakt 1-3 og feltet ved masseuttak A	s.	65
Vedlegg 9 Utsnitt av Helliesen sitt kart frå 1906 som viser registrerte fornminne på Nedre Øksnavad og i nærområdet	s.	66
Vedlegg 10 Planteikning av tilhøva på feltet ved masseuttak A	s.	67
Vedlegg 11 Planteikning av tilhøva i sjakt 1	s.	68

Vedlegg 12	Plan -og profildeikning av mogleg sekundærgrav over dekkhellene i A30	s.	69
Vedlegg 13	Planteikning av dekkheller og steinar tilhøyrande steinkista i A30	s.	70
Vedlegg 14	Planteikning av situasjon i primærgrava i A30 etter fjerning av eit lag med fin, gul sand og noko av sjølve gravfyllet	s.	71
Vedlegg 15	Planteikning av strukturane A33 og A44 - A48 frå feltet ved masseuttak A	s.	72
Vedlegg 16	Plan- og profildeikning av strukturen A1 frå området ved masseuttak B	s.	73
Vedlegg 17	Lister over innmålte punkt og liner	s.	74
Vedlegg 18	Kopi av utdrag frå <i>Prosjektplan for arkeologisk sikringsundersøkelse Nedre Øksnevad gnr. 7 bnr. 1, Klepp k.</i> av Barbro I. Dahl (2006)	s.	78
Vedlegg 19	Faksimile av avisartikkel i Stavanger Aftenblad 08.11. 2006	s.	85

#### Figurar:

- Figur 1 Grava A30 i sjakt 1 etter fjerning av mogleg sekundærgrav og framreinsing av hellene som danna lok i steinkista. Foto mot NV...s. 5
- Figur 2 Peder Heskestad ved langhaugen i 1933. Foto mot NNØ. (Top.ark., AmS)...s. 9
- Figur 3 Planteikning av røysa undersøkt av Helge Braathen i 1978. Illustrasjon henta frå Braathen sin artikkel i *frå haug ok heidni*, bd. 7 1978-79, s. 80....s 12
- Figur 4 Foto mot SSV som viser A33 under utgraving. Til høgre i strukturen ser ein kokegropa A44, like bak denne ligg kokegropa A32...s. 16
- Figur 5 Foto mot SØ som viser gravemaskina under opning av sjakt 3. Den rektangulære, mørke massa som er synleg mot undergrunnen i høgre framkant i biletet, er grav A30. Stripene til venstre i sjakt 1 er moderne plogfurer...s. 17
- Figur 6 Foto mot V med grav A30 etter første oppreinsing. Tore H. Olsen grovreinsar i sjakt 1. s. 22
- Figur 7 C. Borgarp, M. Hovdan og G. Kjeldsen grev ut den moglege sekundærgrava over dekkhellene i steinkista i A30. Foto mot V...s. 22
- Figur 8 Even Bjørdal planteiknar heller og steinar knytt til steinkista i grav A30. Personale frå AmS og Øksnevad v.g.s. ventar på at hellene vert løfta bort. I bakgrunnen skimtar ein den vidaregåande skulen. Foto mot Ø...s. 23
- Figur 9 Monica Hovdan arbeider med den vestlege delen av gravfyllet. Det kvite papiret ligg der ein fann restar etter den døde sine tenner. Til høgre i grava ser ein sverdet F45. Foto mot VSV. s. 24
- Figur 10 Primærgrava i A30 etter at gravfyllet er fjerna. Ein ser at veggane i N og V er relativt godt bevart. I S ligg det nokre steinar på rekkje som truleg stammar frå ein mura langvegg i steinkista. Foto mot NNV...s. 25
- Figur 11 Nokre av anleggsspora i den vestlege delen av sjakt 1: den moglege grava A60 er synleg som ei rektangulær nedgraving som held fram inn i profilen mot SØ. Foto mot SØ...s. 26

## 1 Samandrag

Dei arkeologiske undersøkingane i 2005 og 2006 på Nedre Øksnevad, gnr 7 bnr 1, i Klepp kommune har påvist busetnadsspor og minst ei grav. Undersøkingane er å rekne som sikringsgravingar i samband med opprettinga av masseuttak her på høgdedraget ved Figgjoelva. I alt er 800-850 m<sup>2</sup> avdekt i samband med eit felt ved det eldste masseuttaket ("A") og tre søkesjakter eit stykke NV om dette feltet. I tillegg blei det i 2005 dokumentert ei kokegrop i området for det nyaste masseuttaket ("B"). Opninga av søkesjaktene i 2006 har vore planlagt å vere starten på meir omfattande utgravingsverksemd, og anleggsspora er såleis ikkje fullverdig undersøkt og dokumentert. I mai 2007 blei feltet ved masseuttak A frigjeve i samband med den vidaregåande skulen sitt behov for utvinning av lausmasse av dugande kvalitet (jf. 2.2).

Busetnadsspora er i form av stolpehol, kokegroper og mindre eldstadar/kolkonsentrasjonar, restar av gamle kultur-/dyrkingslag, ei grøft som kan vere førreformatorisk og ei mogleg åkerrein. Det er ikkje sendt inn materiale til 14C - analyse, så det føreligg ikkje presise dateringar av bruksperioden til busetnadsspora. Det er sannsynleg at dei er frå bronse/jernalder. Leirkarskår funne i feltet ved masseuttak A og i sjakt 2 stammar etter alt å døme frå eldre jernalder, nokre av dei er truleg av ein type frå 300 - 400 -talet e. Kr.

Gravkonstruksjonen A30 i sjakt 1 peikar seg ut som det mest interessante funnet frå undersøkingane. A30 omfattar ei primær mannsgrav frå vikingtid plassert i ei steinkiste med heller som lok, og ei mogleg sekundærgrav lagt ned på oversida av hellene. Funna frå A30 er ikkje ferdig granska og konservert, men dei omfattar mellom anna eit sverd, ein kniv, og delar av ei ringnål og ei mogleg beltespenne av bronse. Strukturen A60 *kan* vere nok ei grav.



Figur 1 Grava A30 i sjakt 1 etter fjerning av mogleg sekundærgrav og framreinsing av hellene som danna lok i steinkista. Foto mot NV.

## 2 Innleiing

### 2.1 Lokalisering

Området ligg i Klepp kommune, på garden Nedre Øksnevad (gnr 7, bnr 1) som er i eige av Øksnevad vidaregåande skule. Skulen driv med opplæring i tilknytning til landbruk, husdyrhald, planteproduksjon, maskinføring m.m. Dei arkeologiske undersøkingane i 2005 og 2006 har gått føre seg V om bygningane på den vidaregåande skulen, knytt til to masseuttak. Her mellom løpet til Figgjoelva og RV 44, strekkjer det seg eit relativt breitt høgdedrag i NØ-SV- retning der heile området er påverka av pløying og dyrking. Frå høgdedraget heller terrenget mot NNV ned mot Asperhøl og Sandhøl i Figgjoelva. Ein kjenner til at det her har funnest ein tradisjonsrik vadestad over elva (jf. 3.1).

Det eldste masseuttaket (heretter "A") ligg like N om den gruslagde gardsvegen som strekkjer seg frå skulen og mot SV langs høgdedraget. Terrenget heller svakt ned mot vegen. Det avdekte området har vore gjenstand for avgrensa undersøkingar både i 2005 og 2006 (jf. 2.2, 5.1-5.3). Hovuddelen av registreringa og utgravinga hausten 2006 vart gjort like NNV om dette masseuttaket (jf. vedlegg 7, 8). Det vart opna tre søkesjakter (sjakt 1-3) her oppe på NØ- enden av flata på høgdedraget. Sjakt 1 strekkjer seg i NØ-SV- retning og er omlag 57 meter lang og 4 - 4,5 meter brei. Den høgast liggande delen av sjakta er i området ved grava A30. Herifrå heller ho noko nedover i begge retningar, i sterkast grad mot NØ. Ut frå sjakt 1 er det trukke to parallelle søkesjakter, sjakt 2 og 3. Desse går i retning omlag mot masseuttak A i SSØ. Sjakt 2 er ca 61 meter lang og 3 - 3,5 meter brei, medan sjakt 3 er ca 54 meter lang og 3,5 - 4 meter brei. Terrenget stig litt frå utgangspunkta ved sjakt 1 til endepunkta.

Masseuttak B ligg i den SV enden av høgdedraget, der flata går over i ei helling mot SV og ned mot elva i NNV. I desember 2005 vart det påvist og dokumentert ei kokegrop her i hellinga ned mot vadestaden (jf. 2.2 og vedlegg 16).

### 2.2 Bakgrunn for undersøkinga: hendingar før utgravinga hausten 2006

Øksnevad vidaregåande skule søkte 29.08. 2002 om å få utføre eit masseuttak på skulen sitt område for å leggje til rette for sikker opplæring av elevar i bruk av traktor og andre maskiner og reiskapar. Inngrepet skulle omfatte 3,5 dekar fulldyrka mark på Nedre Øksnevad, gnr 7, bnr 1. Den 11.09. 2002 sende så Klepp kommune ut ei høyringsbrev om saka. Dagen etter svarte Kulturseksjonen ved Rogaland fylkeskommune (RFK) at området vart vurdert til ikkje å ha freda kulturminne, og ein hadde ikkje merknader mot eit slikt inngrep.

Undervegs i arbeidet med masseuttaket ("A", jf. 2.1) støyte gravemaskinførar Leif Gaute Haugland ved Øksnevad v.g.s. på spor etter forhistoriske strukturar i undergrunnen. Ein fortalde RFK og Arkeologisk museum i Stavanger (AmS) om situasjonen og gravinga vart stansa. Ragnar Børsheim frå RFK og Olle H. Hemdorff frå AmS deltok så på ei synfaring av området og eit møte om saka ved den vidaregåande skulen. Ein kom fram til at AmS skulle utføre nærmare undersøking og dokumentasjon av dei påviste spora, dette skulle skje i samarbeid med Øksnevad v.g.s.



Den vidaregåande skulen fekk etterkvart lov til å ta i bruk eit nytt område til masseuttak ("B", jf. 2.1). Men for å lage veg fram til dette området, ønskte ein å få hente ut ei avgrensa mengde masse ved det eldste uttaket. Den 20.09. 2005 vende driftsleiar for gardsdrifta ved Øksnevad v.g.s., Ola T. Lode, seg til AmS - det var eit klart problem for undervisninga at ein ikkje hadde tilgangsvog til masseuttak B. Som tilsvar på dette, utførte AmS i perioden 07.11. - 09.11. 2005 ei mindre arkeologisk undersøking i området ved masseuttak A (jf. vedlegg 18). Først reinsa ein opp det tidlegare avdekte området for å få betre oversyn over situasjonen der. Så utvida ein dette undersøkingsområdet i retning grusvegen i SØ (jf. 2.1) ved hjelp av maskinell avdekking av dyrkingslaget. Området nærmast vegen var mest aktuelt for frigjeving til avgrensa masseuttak, sidan arealet truleg i stor grad var forstyrta av elevar si tidlegare bruk av maskiner. Avdekkinga vart avslutta når ein traff på dette omrota området like V for vegen. I alt vart det i 2005 påvist 43 strukturar i samband med feltet ved masseuttak A, i tillegg vart det gjort funn av 12 keramikkskår frå eldre jernalder (v/ Barbro I. Dahl, jf. vedlegg 18).

Den 29.11. 2005 var representantar for AmS på synfaring for å sjå på anleggsspora som var påviste ved undersøkinga tidlegare i månaden. Det viste seg då at ein hadde sett i gang med å byggje veg og bruke masse frå det eldste uttaket - utan at det var gjeve frigjeving til dette. Dyrkingslaget var fjerna på eit omfattande areal VSV på høgdedraget, i eit område med stort potensiale for ikkje synlege kulturminne som busetnadsspor og overpløgd gravhaugar. Særleg langt var bakkeplaneringa kome i den NV delen av dette området. Det var mogleg å sjå eit stort antal spor som kunne stamme frå forhistorisk busetnad, men frost i bakken hindra nærmare undersøkingar. AmS gav melding om at all graving i det aktuelle området skulle stansast med ein gong.

Den 08.12. 2005 føretok AmS ei ny synfaring. Det vart då påvist ei kokegrop i nærleiken av masseuttak B, i hellinga ned mot vadestaden over elva (jf. 2.1). Kokegropa A1 blei dokumentert nærmare den 20.12. 2005 (jf. vedlegg 16).

Den 09.12. 2005 sende AmS brev til Øksnevad v.g.s. og gav melding om at det ikkje skulle gjerast ytterlegare inngrep i terrenget N for den no bygde anleggsvegen til masseuttak B.

Undersøkinga i perioden september - november 2006 var eit framhald av sikringsgravinga som var påbegynt i november 2005 (jf. 2.4).

## **2.3 Registrerte kulturminne i området**

### **2.3.1 I planområdet**

Konservator Helliesen ved Stavanger Museum gjorde registreringar på Nedre Øksnevad ved starten av 1900-talet. I Stavanger Museum sitt årshäfte for 1906 skriv han at det låg fleire synlege kulturminne langs høgdedraget V om husa på garden. Det var snakk om ni rundhaugar, ein langhaug, ei langrøys og ei hustomt - desse er nummerert som Nedre Øksnevad 1-10 (Helliesen 1906: 40-41, jf. vedlegg 9):

1. Bundlaget af en rundhaug, ca. 9 m i tvermaal.
2. Lyngklædt rundhaug, der er noget udgravet i toppen. Den er nu 12,5 m i tvermaal og ca. 1,7 m høi.
3. Lyngklædt rundhaug, der er udgravet i toppen. Den er 14 m i tvermaal og ca. 1,8 m høi.
4. Aflang haug, der er udgravet langs midten. Den er 13,5 m lang, ca. 6 m bred og nær 1 m høi.
5. Lyngklædt rundhaug, der er udgravet i midten. Den er 12,5 m i tvermaal og ca. 1 m høi.
6. Liden lyngklædt rundhaug, der er 6 m i tvermaal og nær 1 m høi.
7. Lyngklædt rundhaug, der er udgravet i midten. Den er 11,5 m i tvermaal og ca. 1,7 m høi.
8. Lyngklædt rundhaug, der er meget udgravet. Den er 12,5 m i tvermaal og ca. 1 m høi. Haugen kaldes "Stæverhaug".
9. a. Liden lyngklædt rundhaug, der er 8,5 m i tvermaal og ca. 14 m [må vere 1,4 m] høi. Den er udgravet i midten. Ca. 5 skridt længer mod øst ligger
  - b. En langrøis, der er 30,5 m lang og 4 m bred. Den er udgravet paa flere steder.
10. a. Lyngklædt rundhaug, der er udgravet i midten og paa den vestre side. Den er nu 15 m i tvermaal og 1,8 m høi. Den bestaar af grus og sten. Ca. 12 skridt mod vest ligger
  - b. En hustomt, 26 m lang og 6 m bred. Flere utgarer staar i forbindelse med tomten.

Sidan nr. 1, 2 og (moglegvis) 3 ligg under under nabogarden gnr. 7, bnr. 13 og dermed utanfor planområdet, vert dei først omtala nærmare i 2.2.2.

I 1933 grov Peder Heskestad i to av dei omtala fornminna, etter alt å døme langhaug nr. 4 og rundhaug nr. 7 (jf. vedlegg 9).

Rundhaugen var allereie noko utgraven før Heskestad starta undersøkinga (Heskestad 1933a og b). Funna frå undersøkinga har museumsnr. S6009 a-g. Det er snakk om delar av eit tveegga sverd, fragment av ein spydspiss jern (type R.206: eldre jernalder), klinknaglar av jern, eit spannforma leirkar (liknar Bøe l.c.fig. 303 og 307; 500-talet e. Kr?), bitar av eit buka leirkar m/ ornament (liknar Bøe l.c.fig. 54 og 108; tidleg på 300-talet e. Kr?), bitar av eit anna leirkar med tjukkare gods og 170 flintavslag. Funna indikerer at dette var ei mannsgrav frå folkevandringstid.

Sidan langhaugen var kantsett med steinar på tre sider (jf. fig. 2, s.9), minna han noko om ei hustuft i forma. Funna har museumsnr. S6010 a-m. Dei omfattar: a) ei ringnål av bronse med ein liten jernring øvst (liknar J. Petersen *Vikingetidens smykker* fig. 238: "simpel" ringnål, i bruk i store delar av vikingtida), b) fragment av det som truleg har vore ei kvit glasperle med brune knottar, c) fragment av to spinnehjul av brent leire, d) og e) bitar frå to typar leirkar (d liknar Bøe l.c.fig. 1 og e liknar fig. 6; ca 300-350 e. Kr.), f) to bitar frå eit anna leirkar med grovt gods, g) ein del trekarkitt, h) eit fragment frå kleberkar, i) nokre jernfragment, k) eit stykke slagg, l) ei samling brende bein og m) ei lita flintflekke. Ved midten av haugen var det eit brannflak, ca. 1,75 x 1 m. I dette laget låg dei brende beina og alle gjenstandane med unntak av e), g), i) og m) - dei sistnemnde blei funne utanfor steinsettinga for grava i SV. Truleg var dette ei kvinnegrav frå vikingtid, moglegvis frå 800-talet (jf. Petersen 1928: 197). Funna frå utanfor steinsettinga kan ha tilhøyrt ei anna grav i nærleiken.



Figur 2 Peder Heskestad ved langhaugen i 1933. Foto mot NNØ. (Top.ark., AmS)

I følgje rektor Ulvund ved Øksnevad jordbruksskole, vart Helliesen si langrøys nr. 9 b fjerna like etter andre verdskrigen. Det vart ikkje gjort gjenstandsfunn i samband med destruksjonen av dette kulturminnet (Bang Andersen 1966: s. 2/s. 59).

I 1949 skreiv Odmund Møllerop ved Stavanger museum ein kort rapport til Top. ark. (Møllerop 1949) der han informerer om at ein av gravhaugane (mest sannsynleg Helliesen sin nr. 8) var blitt graven ut av arbeidarar ved landbruksskulen. Denne gravinga hadde føregått vinteren 1949 og styraren på skulen hadde teke vare på eit leirkar (S7520). Dette er eit lite beger av brent leire (tverrmål i botnen 5 cm) med tjukt gods. Botnen og den nedre delen er bevart, medan omlag 2/3 av den øvre delen manglar. Det er utan ornamentikk og noko vanskeleg å datere - det kan vere av ein seinneolittisk type eller ei enkel form frå vikingtid. Ved Møllerop si synfaring på staden i mai same året, såg han at det stod att berre ein liten bit av haugen. Gravminnet var lokalisert ca 350 meter rett V om gardshusa og hadde vore om lag 12 meter i tverrmål og i underkant av ein halv meter høg. Arbeidarane fortalde at dei litt N for midten av haugen hadde støytt på eit Ø-V orientert gravkammer med reiste heller i kantane. Dei hadde ikkje funne noko dekkhelle. Gravkammeret vert av Møllerop vurdert til å ha vore omlag 1 - 1,5 m langt, 60 - 70 cm breitt og 60 - 70 cm djupt. Det inneheldt ifølgje arbeidarane ingenting anna enn leirkaret, ikkje restar etter bein eller trekol.

I 1966 gjorde Sveinung Bang Andersen registreringar på Øksnevad for Stavanger museum (Bang Andersen 1966: s. 2/s. 59). I samband med jordbruksskulen, gnr. 7 bnr. 1, omtalar han tilhøva i det området der Helliesen påviste dei ovanfor skildra kulturminna over 60 år tidlegare. I 1966 var det ingen synlege spor att etter nokon av dei: "Ved reg. var samtlige nevnte fornminner fjernet".

For å oppsummere, så fanst det ved inngangen til 1900-talet ni synlege kulturminne oppe på høgdedraget innanfor planområdet (Helliesen sin nr. 4, 5, 6, 7, 8, 9 a og b, 10 a og b). Helliesen skildrar alle gravminna (utanom nr. 6) som uroa av utgravingar. Dette indikerer at dei i større eller mindre grad har vore forsøkt plyndra. Samtlege av desse kulturminna var borte i 1966. Ein har noko

informasjon om innhaldet i og oppbygginga av nr. 4, 7, 8 og 9 b, dei resterande har truleg blitt øydelagt ved jordbruksarbeid.

### 2.3.2 I nærområdet

Retten N for bygningsmassa ved den vidaregåande skulen ligg restane av ein stor gravhaug, Helliesen sin nr. 11 (ID 24450). Helliesen skildrar haugen slik: "Græsklædt rundhaug, der ligger paa indmark. Den er udjævnet omkring kanterne. Den er nu ca. 1,8 m høi og 13,5 m i tvermaal, men har været adskillig videre. For et par aar siden blev der gravet i haugen af gaardens eier; der blev truffet et gravkammer, ca. 1 m langt og 40 cm bredt, dækket af en stor helle. Kammeret var smukt muret og endepartiet dannet af en helle. Den vestre langvæg var delvis nedrevet. Kammeret var fyldt med muld. Der blev intet fundet" (Helliesen 1906: 41).

På toppen av Øksnevadvarden NØ om skulen ligg Helliesen sin nr. 12 (ID 24449). Dette var ved inngangen til 1900-talet ein "Lyngklædt rundhaug, der er udgravet i midten. Den er nu 17,5 m i tvermaal og 2 m høi" (Helliesen 1906: 41). I 1966 rapporterer Bang Andersen at den nordlege delen av haugen er øydelagd av konstruksjonen av ein stor vasstank av betong (Bang Andersen 1966: s. 1/s. 58). Det er ikkje meldt om funn frå denne haugen.

I nærleiken, ved grensa mot gnr 7., bnr. 6, ligg ein mindre haug - Helliesen sin nr. 13 (ID 34749): "Lyngklædt rundhaug, der er 9 m i tvermaal og 1 m høi. Den er udgravet i midten" (Helliesen 1906: 41). Haugen ser ikkje ut til å ha vore utsett for større inngrep i tida fram til nyregistreringa i 1965; det voks då noko skog på han og det gjekk eit skiftegerde av stein over haugen (Bang Andersen 1965). Det er ikkje meldt om funn frå denne haugen.

Det ligg ein hellar i hellinga på NNV- sida av Øksnevadvarden, inne på området til gnr. 7, bnr. 6. Denne hellaren (Helliesen nr. 14, ID 72056) vart delvis utgraven av I. K. Grude og konservator Helliesen ved starten av 1900-talet. Hellaren har ein vid opning som vender mot N og Figgjoelva som renn der. Omlag midt i denne opningen ligg det ein stor jordfast stein, og moglegvis er det denne Helliesen omtalar når han skriv at funna (S2841) blei gjort "...ved siden af en meget stor rullestensblok med lidt udoverheldende sider. Sagerne laa under mulden, næsten ned paa auren, i en meget mørk jordart, der muligens var kulblandet" (Stav. Museum tilvekst 1906: Helliesen, s. 99). Det viktigaste funnet var ei grønsteinsøks (liknar R.4). I 1965 fann Sveinung Bang Andersen fem flekkefragment og ein del flintavslag i hellaren under registrering i området (S9155, AmS tilvekst 1965). I 1990 fekk AmS melding om ulovleg graving inne i hellaren, nokon hadde laga ein groper i kulturlaget. Muséet følgde dette opp ved å ta inn og vassålde dei oppgravne massene og å fylle att gropene med steril kontrastmasse (Bang Andersen 1990). Om lag 25 flintfragment vart plukka opp frå overflata i hellaren, og såldinga viste at funntettleiken var høg i kulturlaget. Det vart også etterkvart levert inn 487 ulovleg utgravne flintartefakt frå hellaren.

I 1949 fjerna Vegvesenet ein haug på gnr. 7, bnr. 1 som låg rett SØ om RV 44. Dette skjedde i samband med at ein ville nytte morena som haugen låg på til grustak. Kulturminnet som blei øydelagt her, er truleg Helliesen sin nr. 15 (ID 54081): "Rest af en lyngklædt rundhaug. Den har været ca 16,5 m i tvermaal. Den sydlige halvdel er udjævnet. Den nordlige del er ca 1,8 m høi" (Helliesen 1906: 41). Ved destruksjonen i 1949 heldt styrar Rønneberg ved landbruksskulen auge

med gravinga og han tok vare på nokre funn (S7508). Spreidd rundt i haugmassa låg det ein del slaggbitar. Omlag ved midten av haugen fann nokre brende bein og eit fragment av ein bronsespiral. Spiralen var broten av, men fanst enno i seks vinningar (1,7 cm lang). Det er mogleg at spiralen har vore del av ei draktspenne frå romersk jernalder (jf. t.d. R.233/234). Området er no utplanert dyrka mark.

Elles er det på gnr. 7, bnr. 1 påvist tre stakktufter (ID 5271, ID 54080).


Ein kjenner til kulturminne frå fleire gardar i nabolaget, her skal det nemnast funn frå gnr. 7, bnr. 13 (Nedre Øksnevad) og gnr. 6 (Stangeland).

Gnr. 7, bnr. 13 ligg rett V om planområdet. Helliesen sin nr. 1 og 2 kan knytast til dette arealet, det er også mogleg at nr. 3 høyrer til her (jf. nedanfor).

Nr. 1 (ID 64467) er skildra som "Bundlaget af en rundhaug, ca 9 m i tvermaal" (Helliesen 1906: 40). Ved nyregistreringa i 1966 noterte Sveinung Bang Andersen at grunneigaren opplyste at området blei oppdyrka i 1925. Ein fjerna då nokre låge steinsamlingar, men gjorde ingen funn.

I 1966 oppdaga Bang Andersen to moglege kulturminne i det han meiner er det aktuelle området for Helliesen sin nr. 2 (jf. vedlegg 9). Det er snakk om ei gravrøys (ID 5275-1) og ein gravhaug (ID 5275-2). Gravhaugen vert omtala som "meget tvilsom", så av dei to er det nok gravrøysa som er den mest truverdige kandidaten til å samsvare med Helliesen sin nr. 2. Skildringane frå 1906 og 1966 høver likevel ikkje særleg godt overeins: Helliesen skriv om ein "Lyngklædt rundhaug, der er noget udgravet i toppen. Den er nu 12,5 m i tvermaal og ca. 1,7 m høi", medan Bang Andersen m.a. skriv "Gress - og mosekledd. Enkelte mindre rundkampstein synlig, i V kant jordfast stein. Meget lav. Noe ujevn overflate, svak rund forsenkning (d. 2 m) i midtpartiet. D. 9 m, h. Ca 0,7 m" (Askeladden : ID 5275).

Ei røys på gnr. 7, bnr. 13 er undersøkt nærmare på arkeologfagleg vis. Det er den røysa (ID 44314) som Bang Andersen i 1966 vurderte å tilsvare Helliesen sin nr. 3. I følgje Helliesen var dette ein "Lyngklædt rundhaug, der er udgravet i toppen. Den er 14 m i tvermaal og ca. 1,8 m høi" (Helliesen 1906: 40). I 1966 skriv Bang Andersen (Askeladden: om ID 44314) at eigaren på bruket fleire år tidlegare hadde teke ut steinar frå midten av røysa i samband med drenering. Ein gjorde ingen funn. Ved nyregistreringa var det synleg ei kantkjede av steinar rundt heile røysa, bortsett i frå i N der graving hadde fjerna ein bit. Eit større hol etter steinfjeringa var synleg midt i røysa. Måla for røysa var 13 m i diameter og ca 0,7 m høg. I 1978 vart så dette kulturminnet utgrave av Helge Braathen ved AmS (jf. Braathen 1978). Det viste seg at det var ei jordblanda gravrøys med fotkjede av kampestein og innanfor kjeda var ei brulegging av stein. Under gravminnet blei det påvist spor etter ein seinneolitisk buplass. Funna har museumsnr. S10181. I grava vart det mellom anna funne fragment av ei korsforma spenne (liknar Shetelig 1906: fig. 91 og 96; 500-550 e.Kr), eit spinnehjul, eit spannforma leirkar og bitar av eit anna leirkar i grovt gods (liknar Bøe 1931: fig. 22; 400-talet). Det er såleis snakk om ei kvinnegrav frå folkevandringstid. Buplassfunna omfattar



Figur 3 Planteikning av røysa undersøkt av Helge Braathen i 1978.

Illustrasjon henta frå Braathen sin artikkel i *fra haug ok heidni*, bd 7 1978-79, s. 80.

mellom anna stolpehol og gjenstandar og avslag av flint. Det verkar noko uklart om dette gravminnet faktisk er identisk med Helliesen sin nr.3 (jf. vedlegg 9). Ein ser at nr. 3 er teikna inn på kartet i nærleiken av nr. 4 og nr. 6 og omlag rett ovanfor vadet i elva. Lokaliseringa synest såleis nærmare nr. 4 enn nr. 2 lengre SV. Ein bør difor halde moglegheita open for at lokalitet ID 44314 ikkje tilsvarar Helliesen sin nr. 3 og at den gravhaugen som Helliesen nemner i 1906 ikkje vart funnen att ved nyregistreringa. Det skal i denne samanhengen heller ikkje utelukkast at det er ID 44314, og ikkje ID 5275-1, som tilsvarar Helliesen sin nr. 2.

Elles på gnr. 7, bnr. 13 er det påvist to stakktufter (ID 5273 og ID 5274).

Om ein krysser Figgjoelva ved vadet, kjem ein til garden Stangeland (gnr. 6, fleire bruksnr.) I samband med denne garden er det påvist ei rekkje kulturminne: ID 5269 (ei stakktuft, fem rydningsrøyser og to hustufter; bnr. 2), ID 5270 (eit gardfar, ein hellar og tolv rydningsrøyser; bnr. 2), ID 15068 (ei bygdeborg og ein hellar; bnr. 8), ID 15069 (tre rundhaugar; bnr. 19), ID 24447 (ei stakktuft og to rydningsrøyser; bnr. 2), ID 24448 (ei stakktuft, eit gardfar og ei rydningsrøys; bnr.

13), ID 64465 (tre gardfar, tre steinlegningar og sju rydningsrøyser; bnr. 17) og ID 72053 (ein stor rundhaug -"Krosshaug"-, ei rydningsrøys; bnr. 12).

Hellaren i ID 15068 vert kalla Stangelandshellaren eller Helleberget, og det vart gjort graving i han i perioden 1905-09. Nyleg har ein datert alderen på eit tamoksebein funne i hellaren - denne dateringa gav det eldste kjende årstalet for tamdyr i Rogaland, 3255 - 2915 f. Kr. Helliesen fortel at grunneigaren hadde grave i "Krosshaug" på 1870-talet (Helliesen 1906: 37). Haugen hadde vore dekt av jord og med ein kjerne av stein. I den øvre delen av kjernen fann ein to steinkammer med dekkheller. Kammera låg parallelt og veggane var pent bygd av heller. I eit av dei fanst to urner med brende bein; urnene var av brent leire, utan ornamentikk og truleg noko spannforma. Helliesen tolkar informasjonen slik at det har vore ein bronsealderhaug. Han nemner for øvrig ei rekkje andre gravminne i området, og tre av dei (nr. 13, 16 og 21) skal ha hatt steinkammer. Frå rundhaug nr 20 vart det rundt 1870 levert inn eit sverd og ei øks frå yngre jernalder.

#### 2.4 Problemstilling og føremål med undersøkinga

Ein hadde tre hovudmålsetnader med arbeidet i 2006 (jf. vedlegg 18):

- Undersøkje nærmare anleggsspor i undersøkingsområdet frå 2005 ved masseuttak A. Struktur A33 vart vurdert som særleg interessant: det hadde ikkje vore tid til å reinse han skikkeleg fram, men det var mogleg at ein her stod ovanfor ei grav frå ein overpløgd gravhaug. Undersøkinga hadde avdekt nokre større, flate steinar som låg i det som kunne vere eit gammalt dyrkingslag. På overflata av dette laget vart det funne svartglitta keramikkskår av særleg fin kvalitet. Konservator Helliesen skreiv i 1906 at det fanst gravhaugar langs heile kanten av høgdedraget (jf. vedlegg 9). Det kunne ikkje utelukkast at A33 hadde samband med ein av desse. Utgravinga ved Søra Bråde 2, Revheim i Stavanger kommune i 2004 (jf. Sørheim m.fl. 2004) viste at det lét seg gjere å finne graver med rikt funnmateriale også i område som var utsett for omfattande dyrking. Det var også ønskeleg at ein i 2006 undersøkte nærmare nokre av stolpehola og kokegropene på feltet og tok naturvitskapelege prøver.
- Opne søkesjakter for å få betre oversyn over utstrekninga på området med ikkje synlege kulturminne oppe på høgdedraget. Dette omfattar undersøkingar i nærleiken av dei allereie påviste anleggsspora på feltet ved masseuttak A og i området mellom dei to masseuttaka. Grave ut, dokumentere og datere påviste anleggsspor.
- Involvere elevar ved den vidaregåande skulen i den arkeologiske undersøkinga, slik at sikringsgravinga på Øksnevad kan formidle informasjon til komande jordbrukarar om arkeologi generelt og særleg om forhistoriske anleggsspor i dyrka område. Det er å håpe at dette kan vere med på å leggje grunnlaget for positiv dialog mellom jordbrukande grunneigarar og representantar for kulturminnevernet. Under utgravinga i 2005 var elevar nyfikne på arkeologi og dei funna som blei gjort like ved skulen deira. Kunnskap om busetnad og ressursutnytting i området over fleire tusen år høver godt inn med sider av undervisninga ved Øksnevad v.g.s.

### **3 Om historia til staden og ei skildring av terreng og objekt**

#### **3.1 Historia til staden**

Gjenstandsfunn og anleggsspor frå dette området i nærleiken av Figgjoelva viser at det har budd menneske her i lang tid. I frå hellarane ID 72056 (Helliesen sin nr. 14) og ID 15068 (Stangelandshellaren) er det gjort funn frå eldre steinalder. Menneske som levde av jakt og fiske heldt til i hellarane, anten sesongmessig eller på heilårsbasis. I yngre steinalder begynte ein med tamdyr og enkel dyrking av nyttevekstar. I Stangelandshellaren fann ein eit bein frå ein tam okse, og dette er datert til omlag 3000 f. Kr (den mellomneolitiske perioden) - det tamdyrbeinet med eldst datering i Rogaland. Andre funn frå hellarane tyder på framhald av menneskeleg aktivitet her i yngre steinalder, men det finst også andre spor etter busetnad frå denne perioden. I samband med utgravinga i 1978 av gravrøysa ID 44314 påviste ein gjenstandsfunn og anleggsspor frå eit seinneolitisk aktivitetsområde / buplass. Moglegvis stammar det vesle og enkle leirkarsbegeret S7520 (grave fram i 1949 frå eit steinkammer i det som truleg var Helliesen sin nr 8) frå seinneolitikum, men det er usikkert. Før dei arkeologiske undersøkingane i 2006 var det ikkje registrert funn frå bronsealder i frå gnr 7 / bnr 1, men det har truleg vore busetnad her i den perioden òg. Frå eldre og yngre jernalder har ein ei rekkje spor etter menneska som levde her (jf. kap. 2). Det er ikkje lett å gje ei presis datering på bruksperioden til dei stakktuftene som ligg i området. Dei kan ha vore i bruk til tørking av både høy og lyng. Dei kan vere førhistoriske, men stakking har vore brukt heilt opp i mot nyare tid. Det har gått ein gammal ferdselsveg mellom Stangeland og Øksnevad, mellom anna vart denne nytta for å kome seg til kyrkje i Klepp. Nokre restar av dette vegfarete er bevart på austsida av Figgjoelva. Vegen var truleg knytt til vadestaden over elva her. Det er mogleg at vegen er frå mellomalderen. Vadestaden har nok fått namnet sitt på grunn av at ein leidde oksar over elveløpet.

Det finst opplysningar frå 1519 om at det heldt til ein rik mann ved namn Olav på denne garden. Frå 1610 av og i fire påfølgjande generasjonar heldt lensmannen i Klepp til på Øksnevad. I 1890 kjøpte Klepp kommune to gardsbruk her og slo dei saman til Klepp kommunegard - eit fattighus. I 1939 vart Rogaland jordbruksskule vedteke oppretta på dette området. I dag er det Øksnevad vidaregåande skule som held til her, og mykje av utdanningstilbodet er fortsatt knytt til landbruk og gardsdrift (jf.: [www.rogaland-f.kommune.no/~oksnevad/Historie/oksnevad\\_1939-1940](http://www.rogaland-f.kommune.no/~oksnevad/Historie/oksnevad_1939-1940)).

#### **3.2 Skildring av terrenget**

Landskapet innan planområdet er eit småkupert høgdedrag som tradisjonelt har vore nytta til beitemark og dyrking. Området er no å rekne som fulldyrka mark. Det er vidt utsyn i alle retningar. Mot N og NV heller terrenget ned mot Figgjoelva (jf. 2.1).

#### **3.3 Skildring av objektet før graving**

Undersøkinga i 2006 starta opp den 26. september ved det avdekte området ved masseuttak A. Feltet hadde då lege ope for vér og vind sidan desember året før og var noko grodd att. Men det



gjekk greit å finne att anleggsspora, dei fleste av dei hadde enno markeringsspikrar der nummer var påført. Prosjektansvarleg Hemdorff ønskte å få raskt avklara om A33 verkeleg var ei grav, så ein gjekk først i gang med å undersøkje denne strukturen. Etter at det var avklara at A33 innheldt ein rest av eit gammalt dyrkingslag/kulturlag og ei kokegrop/eldstad, gjekk ein over til å opne søkesjakter lenger NV på høgdedraget. Det var ingenting synleg på overflata som indikerte kulturminne her.

## **4 Tidsrom og deltakarar**

### **4.1 Tidsrom**

Utgravinga gjekk føre seg innanfor perioden 26.09. - 22.11. 2006. Rapporten vart utforma innanfor perioden 05.03. - 13.06. 2007.

### **4.2 Gjennomføring, vértilhøve og tidsbruk**

26.09. - 27.09. vart nytta til å undersøkje nærmare anleggsspor A33 på feltet opna i 2005. I perioden 28.09. - 09.10. (med unntak av 29.09. og 02.10.) føregjekk det opning av søkesjakter ved hjelp av gravemaskin. Det vidare arbeidet gjekk ut på å reinse fram og planteikne i målestokk 1: 50 anleggsspor i sjakt 1, grovreinse fram overflatene i sjakt 2 og 3, og grave ut og dokumentere grava A30. I periodane 11.10. - 16.10. og 19.10. - 20.10. var det ingen aktivitet på feltet. Ved sjølve utgravinga av grava A30 i tidsrommet 25.10. - 06.11. deltok fleire tilsette ved AmS (jf. 4.3). I løpet av perioden 07.11. - 22.11. vart det uført ytterlegare arbeid knytt til framreinsing og dokumentasjon av sjakter og deretter tildekking av sjaktene med vegfilt.

Véret var i hovudsak godt i løpet av undersøkinga, det var lite nedbør. Det viste seg at det kunne vere ganske vindfullt oppe på høgdedraget, og ved undersøkinga av grava kom varmedressane godt med. Ei ulempe var at det mot slutten av undersøkinga ikkje var godt arbeidslys om morgonen.

### **4.3 Deltakarar**

Det var berre feltleiar Even Bjørdal som var med på heile undersøkinga. Det var ikkje tilsett nokon feltassistent, men fleire tilsette ved AmS deltok undervegs:

- Tore Helge Olsen deltok ved ei rekkje høve, både under oppreinsing av sjakter, oppretting av målesystem, utgraving av grava A30 og ved tildekking av sjaktene med filtduk.
- Arkeolog Gitte Kjeldsen og Bitten Bakke, Catinka Borgarp og Monica Hovdan frå konserveringsavdelinga deltok ved utgravinga av grava A30. Fotograf Åge Pedersen tok bilete av grava A30 før fjerninga av dekkhellene (jf. vedlegg 1).
- Øksnevad vidaregåande skule stod for den maskinelle avdekkinga. Fleire maskinførarar deltok i opninga av sjaktene, blant anna Leif Gaute Haugland som først hadde oppdaga anleggsspora ved masseuttak A.

- 16.03. 2007 vart sjaktene og masseuttak A si lokalisering kartfesta ved GPS - innmåling av firmaet Ingeniørservice (jf. vedlegg 8, 17).

## 5 Metode

### 5.1 Graveteknisk metode

Undersøkinga av anleggssporet A33 som var påvist i 2005, vart utført ved handgraving med krafse og graveskei. Det vart sett att ein 20 cm brei profilbalke i NV-SØ- retning langs midten av strukturen. På begge sider av denne balken vart jordmassa i A33 gradvis fjerna ned mot under-



Figur 4 Foto mot SSV som viser A33 under utgraving. Til høgre i strukturen ser ein kokegropa A44, like bak denne ligg kokegropa A32.

grunnen. Under A33 vart det påvist nokre stolpehol (jf. vedlegg 15), og i NV-hjørnet av strukturen viste det seg å vere ei kokegrop/eldstad (A44). Denne liknar i storleik og innhald A32 like ved (jf. vedlegg 10). A44 er ikkje undersøkt nærmare. Delar av feltet ved masseuttak A vart overflatereinsa med krafse for å undersøkje om det kunne påvisast fleire anleggsspor der. Dette arbeidet førte ikkje til nye funn av distinkte strukturar.

Det vart opna tre søkesjakter i undersøkingsområdet NNV om masseuttak A (jf. fig. 5,s.17). I dette arbeidet vart det nytta både gravemaskin og handkraft. Maskina skrapte av matjordlaget og la

massa langs kanten av sjakta, medan feltleiaren brukte krafse til å reinse bort jord som maskina hadde lagt att i overgangen mot undergrunnen. Etterkvart kom arkeolog og maskinførar fram til ei god rytme i arbeidet og opninga av sjaktene gjekk rimeleg raskt. Potensielle anleggsspor vart markert med spikar etterkvart som dei vart påviste under avdekkinga. I sjakt 1 vart dei markerte strukturane finreinsa fram med graveskei for teikning i plan. Mellom anna fordi ein prioriterte å undersøkje grava A30, vart det ikkje tid til anna enn grovreinsing med krafse i dei to andre sjaktene.



**Figur 5** Foto mot SØ som viser gravemaskina under opning av sjakt 3. Den rektangulære, mørke massen som er synleg mot undergrunnen i høgre framkant av biletet, er grav A30. Stripene til venstre i sjakt 1 er moderne plogfurer.

Strukturen A30 - ei vikingtids mannsgrav - vart fingrave for hand. Det vart nytta både graveskei og mindre reiskap som spatlar og pinsettar. All masse som kunne knytast til A30, vart tørrsålde på staden i eit lite 4 mm såld. Innhaldet i den moglege sekundærgrava dekte det meste av hellene og steinane i den primære gravkonstruksjonen (jf. fig. 6, s.22). Utgravarane lét ein 20 cm brei profilbalke stå att på tvers av strukturen medan ein grov ut denne mørke massa av nedbrote organisk materiale og sot/oske og tok opp funn. Til slutt vart profilbalken dokumentert og graven ut. Etter fjerninga av dekkhellene vart primærgrava undersøkt. Her brukte ein ikkje hjelpeprofilar undervegs. Ein grov seg gradvis nedover og prøvde å halde seg i same nivå over heile arealet til

gravfyllet. Både frå primærgrava og den moglege sekundærgrava vart skjøre funn tekne inn til AmS som preparat.

## 5.2 Dokumentasjon

### 5.2.1 Teikning

Ved undersøkinga i 2005, vart det utforma planteikningar av feltet ved masseuttak A i 1:50 og ei plan- og profildeikning i 1:10 av kokegropa A1 frå området ved masseuttak B (jf. vedlegg 3, 10, 16).

I samband med undersøkinga av A33 på feltet ved masseuttak A, vart det laga ei planteikning i målestokk 1:20 (jf. vedlegg 15). Denne teikninga viser yttergrensa til den framreinsa A33, lokaliseringa av nokre relativt store steinar som låg øvst i massa til A33, den attståande profilbalken, og anleggsspora A44 - A48. Medan kokegropa/eldstaden A44 vart godt synleg under den første framreinsinga - og truleg er skoren ned i A33 - , er A45 - A48 nedgravningar i undergrunnen som først blei påvist etter at jordmassa i A33 var graven bort. Strukturane på teikninga er i ettertid lagt inn på den større planteikninga av feltet (jf. vedlegg 10).

Tilhøva i sjakt 1 er skildra i plan i målestokk 1:50 (jf. vedlegg 3). Dei tre originalteikningane er i ettertid sett saman til éin som viser heile sjakta (jf. fig. 11). Det vart dessverre ikkje tid til å finreins fram og planteikne anleggsspora i sjakt 2 og 3.

Undersøkinga av grava A30 i sjakt 1 er dokumentert på tre teikningar, samtlege i målestokk 1:10:

Den første (jf. vedlegg 12) viser den moglege sekundærgrava i plan og profil. Ein delte opp det arealet som skulle gravast i fire ruter (1 - 4). Masse frå kvar rute vart sålda for seg, og slik fekk ein eit grovt oversyn over lokaliseringa til funna frå såldinga. Gjenstandar som vart påvist under sjølve gravinga, fekk funnstaden plotta nøyaktig inn på planteikninga. Eit viktig unntak her er funn gjort 01.11. - 02.11.; ein kom fram til at detaljplotting ikkje var særleg fruktbart sidan massa truleg var omrota. Profildeikninga viser at det var ei homogen masse utan synleg lagdeling som på det meste var ca 28 cm djup.

Den andre teikninga (jf. vedlegg 13) syner dekkheller og ein del steinar som høyrer til primærgrava. Ein kan sjå at noko av den fine, lyse undergrunssanden i området har lagt seg over steinar V i grava. Det skulle vise seg at same slag sand fanst som eit lag rett under dekkhellene.

Den tredje teikninga (jf. vedlegg 14) viser situasjonen nede i primærgrava like før utgravarane tok ut m.a. sverdet (F45) som preparat. Dette var på eit nivå ca 25 cm under dekkhellene. Det var blitt grave bort først 5 - 10 cm med fin, lys sand, så nokre cm med eit brunt overgangssjikt og deretter ein del av sjølve gravfyllet før ein kom til dette nivået. Funn frå såldinga av gravfyllet er ikkje dokumentert som knytt til fire faste ruter, men i høve til andre, detaljplotta funn (t.d. "ved sverd") eller himmelretning (t.d. "NV i gravfyllet"). Det er ikkje utforma teikningar av utsjånaden til den ferdig tømde grava, ein valde å greie seg med fotodokumentasjon i samband med dette (jf. 5.2.2).

### 5.2.2 Fotografering

I løpet av undersøkinga hausten 2006 blei det teke eit omfattande antal bilete av landskapet ved planområdet, lokaliseringa av sjaktene, anleggsspor og aktivitetar knytt sjølve utgravinga. 112 av desse fotografia er valde ut til arkivering. Dei bør sjølvstgåst i samanheng med foto tekne ved sikringsgravinga i 2005 (jf. vedlegg 1).

Sidan sjaktene 2 og 3 ikkje vart teikna, er foto av tilhøva her særleg viktig som mellombels dokumentasjon før vidare undersøkingar vert gjort.

Mange av bileta i fotolista er knytt til grava A30. Dei teikningane som omhandlar dette gravminnet, viser situasjonen på tre tidspunkt undervegs i gravinga, medan fotografia supplerer dette med ei rekkje bilete som gjev ei djupare forståing både av oppbygginga og innhaldet i A30 og av sjølve utgravingsprosessen.

Majoriteten av fotografia er tekne av feltleiar Even Bjørdal. Den dagen dekkhellene skulle fjernast var fotograf Åge Pedersen frå AmS til stades, noko som sikra særleg god kvalitet på bileta frå denne delen av undersøkinga.

### 5.2.3 Innsamling av prøver

I samband med undersøkinga av den moglege sekundærgrava i gravkonstruksjonen A30 blei det samla inn bitar av trekol (S12274, fnr. 2). Alt materiale frå A30 er fortsatt hos konserveringsavdelinga, så desse kolbitane er ikkje handsama nærmare enno.

I 2005 blei det teke ut ei kolprøve frå kokegropa A1 som låg i nærleiken av masseuttak B (jf. 5.2.4). Denne er flotert (nat.vit.journ.nr. 2005/21-1), men ikkje sendt inn til datering.

### 5.2.4 Funn

Funnmaterialet frå undersøkinga hausten 2006 er fordelt på to aksjonsnummer og museumsnummer: Funn frå gravkonstruksjonen A30 i sjakt 1 høyrer inn under aks.nr. 2006/38 og museumsnr. S12274, medan alle øvrige funn frå undersøkingsområdet er knytt til aks.nr. 2006/37 og museumsnr. S12267.

Sidan gjenstandsmaterialet ikkje har vorte undersøkt nærmare av konservatoravdelinga enno, lét det seg ikkje gjere på noverande tidspunkt å utforme ei fullstendig nummerering og katalogisering. Dette problemet knyt seg i hovudsak til funna frå A30, det er desse som er skjørast og treng framrensing og konservering. Det er med utgangspunkt i denne situasjonen bestemt at førebels vert berre funna knytt til aks.nr. 2006/37 ("dei øvrige") katalogisert i samband med denne rapporten. Ein vil kome tilbake til gjenstandsmaterialet frå A30 når det er handsama av konservator.

Funnmaterialet frå undersøkinga i 2005 v/ B. I. Dahl (jf.vedlegg 18) er blitt katalogisert i samband med denne rapporten. Desse funna har høvesvis aks.nr. 2005/40 (feltet ved masseuttak A) og museumsnr. S12308 (funn frå dette feltet) og aks.nr. 2005/41 (området ved masseuttak B) og museumsnr. S12231 (funn frå nærleiken av kokegrop A1+ei kolprøve frå A1). Jamfør kap. 7 og vedlegg 4 og 5 for nærmare informasjon om funnmaterialet frå undersøkingane på Nedre Øksnevad, gnr. 7, bnr. 1 i 2005 og 2006.

### 5.2.5 Innmåling

Ved B. I. Dahl si undersøking ved masseuttak A i 2005, vart anleggssporet A33 stipla inn på planteikninga av feltet. Difor vart det ikkje oppretta noko nytt, omfattande målesystem i samband med den vidare undersøkinga av A33 hausten 2006. Det blei slått ned eit armeringsjern på kvar side av A33 og strekt eit måleband mellom desse to punkta (origo i SØ). Teikning nr. 1 i målestokk 1: 20 vart så utforma med utgangspunkt i denne x-aksen. Lokaliseringa av aksene og anleggsspora A44 - A48 er skissert inn på planteikninga frå 2005.

Etter maskinell flateavdekking og framrensing med handkraft, vart det oppretta eit lokalt målesystem til bruk ved den teikna dokumentasjonen i samband med sjakt 1. Frå den austlege kortenden av sjakta blei det oppretta ein x-akse som strekte seg omlag langs midten av sjakta i SV-retning. Med utgangspunkt i denne lina, blei det så ved hjelp av "pythagoras" oppretta ei ny line - y-aksen - som stod i rett vinkel ut i frå x-aksen. Origo vart sett til 10x, 10y (jf. vedlegg 8 og 11). X-aksen har stigande koordinatar mot SV, y-aksen stig mot NV. I tillegg til målebandet langs x-aksen frå origo, vart det lagt ut ytterlegare to måleband i sjakta. Desse hadde utgangspunkt i høvesvis 10x, 9y og 10x, 12y. Diagonalar mellom x-akse og y-akse vart sjekka for å sjå at linene danna rette vinklar i høve til kvarandre.

13.03. 2007 målte Bjørdal og ein tilsett ved firmaet Ingeniørservice inn ytterkantane av sjaktene og feltet ved masseuttak A. Det vart nytta GPS-utstyr til dette arbeidet. Dei undersøkte områda er såleis lokalisert i høve til eksisterande kartverk over området (jf. vedlegg 8 og 17). Det vart også målt inn nokre punkt som viser plasseringa av x-aksen i sjakt 1. Det hadde vore ønskeleg å fått målt inn fleire punkt langs aksene, men dette var uråd sidan sjakta i stor grad var tildekt av filtduk.

### 5.3 Om utføringa av undersøkinga

Arbeidet i felt byrja 26.09. 2006. Feltleiar Bjørdal og prosjektleiar Hemdorff gjorde først ei innleiande synfaring på staden. Ein vart einige om først å undersøkje struktur A33 som var påvist i 2005, før så å gå i gang med graving av søkesjakter lenger NNV på høgdedraget. I perioden 26.09. - 27.09. jobba ein med graving, prøvetaking og dokumentasjon av tilhøva ved A33.

Neste steg i undersøkinga var opninga av tre søkesjakter ved hjelp av gravemaskin. Ein starta 28.09. med sjakt 1, ein byrja å grave frå den austlege enden. Etter å ha fullført denne sjakta, vart det opna to andre (sjakt 2 og 3) som låg parallelt med kvarandre og vinkelrett på sjakt 1. I alt omfattar sjaktene eit areal på rundt 650 m<sup>2</sup>. Gravinga av søkesjakter med tilhøyrande framreinsing av potensielle anleggsspor heldt fram til og med 09.10. Det var ingen aktivitet i undersøkingsområdet 29.09 og 02.10. Som ein del i oppfyljinga av prosjektplanen si målsetnad om å involvere elevar frå Øksnevad v.g.s. i utgravinga og formidle generell kunnskap om arkeologi, deltok fleire elevgrupper i gravinga av sjakt 2 på torsdag 05.10. Først fortalde prosjektleiar Hemdorff og feltleiar Bjørdal kort om arkeologifaget og om ulike metodar som var i bruk ved denne undersøkinga. Deretter fekk elevane i grupper på fem - seks personar vere med på å grovreinse i sjakta med krafse etterkvart som maskina arbeidde (jf. kap. 11).

Etter at den maskinelle delen av undersøkinga var over, heldt feltleiaren fram med å grovreinse fram overflata i sjakt 2 og 3. Tore H. Olsen ved AmS var ved fleire høve med på dette arbeidet. Det skulle etterkvart vise seg at det ikkje vart tid til å finreinse fram og dokumentere anleggsspor her. I sjakt 2 og 3 var situasjonen som følgjer:

- Sjakt 2 vart dregen frå sjakt 1 til ein traff på eit omrota område rundt 60 m lenger mot SSØ. Det var tydeleg at ei gravemaskin hadde vore på ferde her, kanskje i samband med masseuttak. Nær "krysset" med sjakt 1 kom det ved fjerninga av matjordlaget til syne eit område med mørk masse over den lysare, brune sand- og grushaldige undergrunnen. Massa innheld eit klart innslag av brent materiale som sot og trekolbitar. Det er herifrå funna av leirkarskår av jernaldersk type er gjort. Dei liknar mykje på ein del av leirskåra funne i 2005 på feltet ved det eldste masseuttaket (jf. vedlegg 4 og 5). Det finst ein del moglege stolpehol i dette området, men som i sjakt 3 har plog og grubb laga djupe furer ned i undergrunnsmassa. Desse furene innheld eit stort innslag av brent materiale. Lenger mot S i sjakta forsvinn gradvis plogfurene, her er det nokre kokegroper/eldstadar og ein del moglege stolpehol. Terrenget stig noko mot enden av sjakta, og lengst S finst det nokre stolpehol. Eit par av dei er synlege i profilen danna av det trulege masseuttaket. Det vart gjort eit lausfunn i den sørlege delen av sjakt 2 - eit flintfragment (jf. vedlegg 4 og 5).
- I sjakt 3 var det to kokegroper/eldstadar (få meter frå "krysset" med sjakt 1), ei mogleg grøft og nokre heller tvilsame stolpehol. Fleire stadar hadde djupe spor etter moderne pløying skore seg ned i undergrunnen. Det vart gjort nokre lausfunn i samband med gravinga: ei flintflekke, eit flintavslag og ein bit brent bein (jf. vedlegg 4 og 5).

Under finreinsing i sjakt 1 den 17.10. oppdaga Bjørdal og Olsen eit rektangulært område med mørk masse og steinar langs kanten. På overflata fann ein korroderte restar etter naglar (jf. fig. 6, s. 22). Prosjektlear Hemdorff kom til undersøkingsområdet og stadfesta at det truleg dreia seg om ei grav. Det vart etterkvart vedteke at denne strukturen skulle gravast ut, fleire personar frå AmS skulle delta.

I påvente av at undersøkinga av grava A30 skulle ta til, jobba Bjørdal i perioden 18.10. - 24.10. med sjakt 1; dvs. å finreinse, setje ut målesystem og lage planteikning over delar av sjakta. Olsen grovreinsa i sjakt 2 og 3. Den 18.10. var John Kvanli frå Rygene Detektorklubb på staden. Han undersøkte sjaktene, og særleg overflata på grava, for metallfunn. Det vart markert for fleire funn i samband med den mørke massa i A30. 19.10. - 20.10. var det ingen aktivitet på feltet.

Onsdag 25.10. sette ein i gong med utgraving og dokumentering av strukturen A30. I tillegg til nemnde Bjørdal og Olsen, deltok frå AmS Catinka Borgarp og Monica Hovdan frå konserveringsavdelinga og arkeolog Gitte Kjeldsen. Kjeldsen fungerte som fagleg leiar for denne delen av undersøkinga på grunn av si erfaring med slike kulturminne og fordi prosjektlear Hemdorff var utanlands i ein periode.



Figur 6 Foto mot V som viser grav A30 etter første oppreinsing. Tore H. Olsen grovreinsar i sjakt 1.

Utgravingsmetodikk og dokumentasjonsmåte er kort skildra tidlegare (jf. 5.1 og 5.2). Ein grov først innan dei fire definerte rutene i samband med den moglege gravmassa øvst i strukturen.



Figur 7 C. Borgarp, M. Hovdan og G. Kjeldsen grev ut den moglege sekundærgrava over hellene i A30. Foto mot V.



Deretter vart den attståande tverrprofilen dokumentert og fjerna, slik at underliggjande heller og steinar kom til synes. På dette tidspunktet var ein i tvil om A30 inneheldt ei eller to graver; om hellene anten var botnen i eit forstyrra gravminne eller loket som dekte ei primærgrav.



Figur 8 Even Bjørdal planteiknar heller og steinar knytt til steinkista i grav A30. Personale frå AmS og Øksnevad v.g.s. ventar på at hellene vert løfta bort. I bakgrunnen skimtar ein den vidaregåande skulen. Foto mot Ø.

Det var møtt fram fleire tilsette frå både AmS og Øksnevad v.g.s. i samband med at hellene skulle løftast bort torsdag 02.11. Det blei eit vonbrot for alle til stades då det viste seg å vere fin, gul undergrunnsand rett under hellene - det verka som det ikkje var meir å finne her. Men ved det som skulle vere ei avsluttande oppreinsing av området under hellene, dukka det opp ei mørkare masse under sanden. Ein starta så med å grave bort denne sanden over heile arealet for grava. Nokre steinar frå den nordre langveggen hadde rast ut og låg lause, og under fjerninga av desse støytte ein på hjaltenden av eit sverd. Dette var eit prov på at den mørke, brunsvarte massa var gravfyllet til primærgrava; hellene hadde tent som lok og ikkje som botn.

Det 5-10 cm tjukke laget av fin sand kan ha sige inn under hellene gjennom naturlege prosessar over tid. Under framreinsing av anleggsspor elles i sjakt 1, hadde ein opplevd at vind og regn førte til at spora delvis blei dekte av fin sand.

Dagen etter vart utgravingslaget forsterka med eit nytt medlem, Bitten Bakke frå konserveringsavdelinga. Som for den moglege sekundærgrava over hellene, vart all masse frå gravkonteksten tørrsålta på staden. I det området ein fann gravgodset og tennene, var massa særleg mørk. Dette er truleg nedbrotne restane av liket m/ utstyr (eit "liklag") og eventuelt ei kiste eller ei bære for den døde. Det vart gjort ei rekkje gjenstandsfunn i grava: naglar og stifter/spikar av jern (moglegvis frå ei kiste eller ei bære som liket låg i/på), ringen frå ei ringnål av bronse,



Figur 9 Monica Hovdan arbeider med den vestlege delen av gravfyllet. Det kvite papiret ligg der ein fann restar etter den døde sine tenner. Til høgre i grava ser ein sverdet. Foto mot VSV.

delar av noko som truleg var ei beltespenne av bronse, eit sverd og ein kniv av jern, bevart emalje frå tenner m.m. (sidan funna ikkje er ferdig undersøkt av konservator, har ein enno ikkje fullt oversyn over funnmaterialet). Ein har mellombels konkludert med at det dreier seg om ei mannsgrav frå vikingtid, mest truleg frå 800-talet.

Det verkar sannsynleg at primærgrava var konstruert som ei steinkiste, med fire enkelt mura steinveggar og dekkhellene som lok. Men ved undersøkinga var det berre kortveggen i S og langveggen i N som var relativt godt bevart (jf. fig. 10, s. 25). Med tanke på den lause undergrunnsanden, er det ikkje uventa om delar av veggane skulle ha rasa saman. Men ved utgravinga fanst det for få steinar under hellene til at dei kan ha utgjort fire mura veggjar. Rekkja med mindre steinar i S, som dukka opp heilt nedst i gravkonteksten, indikerer at det verkeleg fanst

ein sørleg langvegg her. Det er i så fall uklart kva som har skjedd med denne - kan han ha vorte fjerna ved ei delvis plyndring av grava ?



Figur 10 Primærgrava A30 etter at gravfyllet er fjerna. Ein ser at veggane i N og V er relativt godt bevart. I S ligg det nokre steinar på rekkje som truleg stammar frå ein mura langvegg i steinkista. Foto mot NNV.

Etter at all masse i samband med A30 var graven ut og sålda, og samtlege funn var teke opp (som gjenstandar i felt eller som preparat), vende alle utanom Bjørdal og Olsen tilbake til AmS den 06.11. Dei attverande restane av gravkonstruksjonen vart så dekt til med treplankar, ei stor metallplate og presenningar for å unngå at regn og vind skulle få veggane til å rase saman.

Undersøkinga vart endeleg avslutta den 22.11. Innan perioden 07.11 - 22.11. jobba Bjørdal vekselvis med dokumentering av anleggsspora i sjakt 1 (teikning/foto) og med arbeidsoppgåver knytt til andre utgravingsprosjekt. Den siste dagen brukte Bjørdal og Olsen på å dekkje til sjaktene med duk av vegfilt.

## 6 Om stratigrafi og kjeldekritiske aspekt

### 6.1 Stratigrafiske tilhøve og funnfordeling

#### 6.1.1 Horisontalt

På feltet ved masseuttak A vart **anleggssporet A33** undersøkt nærmare i byrjinga av feltarbeidet på Øksnevad i 2006. Hovuddelen av den påviste strukturen frå 2005- gravinga viste seg å vere ein rest av eit gammalt kulturlag/dyrkingslag, men i VNV låg det ei kokegrop/eldstad A44. I samband med utgravinga av massa i A33 dukka det opp nokre moglege anleggsspor under den vestlege delen: A45 - A47 (truleg stolpehol) og A48 (moglegvis ei lita grøft?).

Området langs høgdedraget der **dei tre sjaktene** ligg, er påverka av omfattande pløying og dyrking. Dyrkingslaget/matjordlaget har ei djupne på jamnt over 20-30 cm.

Innhaldet i undergrunnen i sjaktene varierte ein del. Det var innslag av: lys og kompakt silt, fin, lys/gul sand, grovare lysbrun/brun sand og brun/brungrå grus. I tillegg fanst det spreidde små og mellomstore steinar i massene.



Figur 11 Nokre av anleggsspora i den vestlege delen av sjakt 1: den moglege grava A60 er synleg som ei rektangulær nedgraving som held fram inn i profilen mot SØ. Foto mot SØ.

I **sjakt 1** er det nokre område som skil seg ut i høve til undergrunnen. A23 og A24 inneheld brun/mørk humushaldig masse. I A23 er det innslag av trekol, og strukturen kan moglegvis vere ei nedgraving. Nokre meter Ø om grava A30 er ei grøft A28 skoren ned i undergrunnen. Det lysbrune, utvaska fyllet indikerer at ho kan vere forhistorisk. I området VNV om A30 kan A39 vere ein rest av eit gammalt dyrkingslag eller kulturlag. Laget synest å halde fram mot N utanfor sjakta. Lenger V finst A60. Dette verkar å vere ei rektangulær nedgraving (strukturen held fram utanfor sjaktkanten), det kan dreie seg om ei grav (jf. A30).

Dei horisontale tilhøva i samband med **grava A30** vert skildra nærmare i følgjande avsnitt. Den mørke, funnførande massa som låg over steinhellene i A30, var homogen både horisontalt og vertikalt. Ho inneheldt humus og nedbrote organisk materiale, litt spreidd sand og noko trekol/sot. Massa dekte så godt som heile gravkonstruksjonen, berre nokre få kantsteinar stakk fram (jf. fig. 6, s. 22). Det er uavklart kva slags fortidige handlingar som har plassert massa her på overflata av steinhellene som utgjer loket i primærgrava. Under utgravinga fekk ein kjensla av at massa var omrota. Dette kan vere ein indikator på at det i røynda dreier seg om ein del av fyllet i primærgrava som har blitt redeponert ved ei opning og delvis plyndring av grava, men samstundes har jo moderne plog påverka tilhøva i området. Det verkar ikkje å vere noko underliggjande mønster i funnfordelinga. Dei fleste funna som kom fram under sjølve gravinga vart nøyaktig plotta inn på planteikninga, dei som vart funne ved sålding er knytt til sine respektive ruter. Majoriteten av funnmaterialet var mindre, uspesifiserte jernfragment - truleg var ein del av desse naglar og spiker/stifter. Men sidan funna ikkje er handsama nærmare av konservator i skrivande stund, er dette ei vurdering ein må kome tilbake til seinare.

Tre steinheller og ein del mellomstore steinar utgjorde den øvste delen av konstruksjonen for primærgrava (jf. vedlegg 13). Hella i Ø var klart størst i areal, men ho var tydeleg tynnare enn den kraftigare hella i V. Fleire av steinane låg over/på hellene, og steinane 1-5 viste seg å fylle eit hol mellom hella i Ø og hella i V. Det er uavklart om steinane var plassert slik ved gravlegginga, eller om naturlege og/eller menneskeskapte formasjonsprosessar i ettertid har skapt denne situasjonen. I den vestlege delen hadde noko av den fine, gule undergrunnssanden lagt seg over delar av hella og steinar i langveggen.

Under steinhellene var heile fyllet i primærgrava dekt av eit lag med slik undergrunnssand. Truleg er ikkje sanden plassert her intensjonelt, han har heller sige inn frå kantane ved naturlege prosessar over tid. Fjerninga av denne sanden avdekte primærgrava, over sjølve gravfyllet var det eit tynt overgangssjikt med ei blanding av sand og brun, organisk masse. Teikninga på vedlegg 14 viser situasjonen etter at ein hadde grave seg 5-10 cm ned i gravfyllet. Denne massa (lag 1 - eit "liklag") var relativt fuktig og feit i konsistens. Ho var hovudsakleg brun/mørk brun på farge, men i enkelte område tilnærma svart. I den austlege enden av grava var det eit noko uklart skilje mellom undergrunnsmasse og gravfyll. Denne samanblandinga kjem truleg av at det ikkje var bevart noko mura vegg her, berre nokre spreidde samlingar av stein.

Restar av emalje frå nokre tenner (F65) viser at den avdøde var plassert med hovudet mot vest. Funnet av mellom anna eit sverd (F45) og ein kniv (oppdaga i same preparat som sverdet) fortel at det er ein mann som vart lagt til kvile her. Desse våpna var lagt ned langs den venstre sida

av mannen. Eit fragment av ei ringnål av bronse (F69) funne omlag i skulderhøgde fortel om klesdrakta til mannen, det same gjer bitar av ei beltespenne av bronse (F75). I eit område ved sverdet var det bevart porøse trerestar (F71 - ikkje detaljplotta inn), desse kan stamme frå ei kiste eller bære for liket.

I botnen av gravfyllet var eit overgangssjikt der det var blanda inn noko sand og grus frå undergrunnen. Under dette sjiktet var det to typar undergrunnsmasse; kompakt lys silt i V og hardpakka, kompakt sand og grus med innslag av aurlagedning i Ø (jf. fig. 10, s.25).

### 6.1.2 Vertikalt

Massa i A33 (truleg rest av gammalt kulturlag/dyrkingslag) på feltet ved masseuttak A var på det meste (ved profilbalken) ca 15 cm djup. Frå midten av strukturen og utover avtok djupna gradvis. Kokegropa/eldstaden A44 er berre framreinsa i overflata og dokumentert på planteikninga. Etter alt å døme er A44 graven ned gjennom A33. Anleggsspora A45 - 48 kom først til syne etter at A33 var fjerna, og dei er såleis truleg eldre enn akkumulasjonen av kulturlaget/dyrkingslaget.

I samband med gravkonstruksjonen A30 i sjakt 1 var dei vertikale tilhøva i hovudsak som følgjer (nemnt frå øvst til nedst):

- Den mørke massa med klart innslag av nedbrote organisk materiale og ymse jernfragment. Massa var ca 25 cm djup på det meste (jf. vedlegg 12).
- Heller og steinar som utgjorde delar av lok og veggar i primærgrava; noko av den fine, gule undergrunnsanden låg innover delar av desse (jf. vedlegg 13).
- Sand frå den omkringliggjande undergrunnen; hellene kvilte på delvis på denne sanden og delvis på steinar i dei to eksisterande murane (sjå nedanfor). Laget var 5 - 10 cm tjukt.
- Eit overgangssjikt med eit innhald frå sanden over og gravfyllet under. Opptil 5 cm tjukt.
- Sjølv gravfyllet (jf. 6.1.1 for skildring av innhaldet). Dei nedbrotne restane av den gravlagde personen, gravgåvene og truleg ei kiste eller bære av tre. Laget var 10 - 20 cm tjukt (jf. vedlegg 14)
- Kompakt undergrunnsmasse.

Som det framgår av figur 10 på s. 25, fanst det ved utgravingstidspunktet to relativt godt bevarte steinveggar i gravkonstruksjonen. Dei er grovt tørrmura av steinar med ulik storleik. Murane har vore del av ei steinkiste som den avlidne blei lagt ned i. Ein del spreidde steinar i den austlege enden av grava kan stamme frå ein kollapsa kortvegg her, og nedst i gravfyllet blei det påvist ei rekkje med mindre steinar som truleg har vore del av ein sørleg langvegg. Det er eit uavklart spørsmål kvar det i så fall har blitt av dei resterande steinane i denne sørveggen.

## 6.2 Kjeldekritiske aspekt

Kjeldekritikk handlar om å vere medviten om ulike moment som kan ha innverknad på utsegnskrafta til eit utvalt og innsamla materiale.

Det er viktig å ha klart for seg når ein studerer teikningane frå sjakt 1 og ved masseuttak A at den store majoriteten av strukturane berre er framreinsa og teikna i plan. Sidan feltarbeida i 2005 og 2006 var planlagt å vere inneleande delar av ei mogleg større undersøking, blei ikkje anleggsspor som stolpehol og kokegroper dokumentert nærmare ved hjelp av snittingar, detaljteikningar av plan og profil, uttak av prøver m.m. Strukturen A33 på feltet ved masseuttak A vart utgrave i tilstrekkeleg grad til å slå fast at det var ein rest av eit gammalt kultur- eller dyrkingslag. Grava A30 i sjakt 1 er ferdig utgraven og grundig dokumentert.

Det er i skrivande stund uavklart om den mørke, funnførande massa som låg over dekkhellene for primærgrava i A30 verkeleg stammar frå ei sekundærgrav. Det kan ikkje utelukkast at denne massa opprinneleg har vore ein del av gravfyllet i primærgrava som har blitt redeponert her i samband med ei avgrensa plyndring av steinkista. Undersøkinga og konserveringa av gjenstandane funne i massa over dekkhellene er ikkje ferdig enno. Men sidan funnmaterialet i overvegande grad framstod for utgravarane som korroderte naglar og stifter, er det lite truleg at desse gjenstandane skulle kunne vere til hjelp i å gje eit sikkert skilje mellom ei primærgrav og ei sekundærgrav. Det vart samla inn kolbitar frå den nemnde massa. Men sidan gravkonstruksjonen A30 ligg så nær fleire anleggsspor med brent materiale (A32 - A38), kan moderne pløying ha drege med seg materiale frå desse inn i den moglege sekundærgrava.

Det vart ikkje sett att ein tverrprofil i samband med utgravinga av fyllet i primærgrava. Ein slik hjelpeprofil kan til tider vere nyttig for å få betre oversyn over ulike lag innan ein struktur. Men i dette tilfellet vurderte ein tilhøva slik at det var ei betre løysing å grave heile arealet under eitt i mekaniske lag på ca 5 cm, utan bruk av profilbalke. Gravfyllet var utan noko klar lagdeling, og ein balke kunne etterkvart vise seg å vanskeleggjere arbeidet med å ta opp skjøre funn i preparat (jf. t.d. sverdet F45). Ein kan i ettertid ikkje sjå at noko viktig informasjon gjekk tapt ved å ikkje nytte hjelpeprofil i dette høvet.

I samband med opninga av sjakt 1 - 3 vart det påvist fleire døme på forstyrringar som truleg har oppstått i nyare tid. I alle tre sjaktene, men særleg i sjakt 2 og 3, hadde plog/grubb skore seg eit godt stykke ned i undergrunnsmassa. Truleg har pløyereiskapa kutta seg gjennom eldre strukturar med brent materiale, for plogfurene innheldt ein heil del kol og knust, varmepåverka stein. Lengst sør i sjakt 2 støyte ein på eit område der undergrunnsmassa tydeleg var omrota ved bruk av gravemaskin, dette er nok spor etter masseuttak.

## 7 Funnmateriale

### 7.1 Funnmengde, funnkategoriar og materialetypar

I løpet av undersøkingane i 2005 og 2006 vart det gjort ei rekkje gjenstandsfunn. Funna frå gravkonstruksjonen A30 i sjakt 1 står i ei særstilling her, gravgodset omfatta mellom anna eit sverd, ein kniv, og delar av ei ringnål og ei beltespenne av bronse. Men sidan gjenstandane frå A30 fortsatt er til konservering, må ein vente med katalogiseringa av desse funna. Elles i undersøkingsområda er det påvist i alt 60 leirkarskår (truleg frå eldre jernalder), ei flekke av flint og fire flintavslag, ein slagglump og ein bit brent bein (jf. vedlegg 4 og 5 for nærmare informasjon om funna).

## 8 Skildring av anlegg/strukturar

### 8.1 Innleiing

Dei arkeologiske undersøkingane på Nedre Øksnevad (gnr 7 bnr 1) i 2005 (v/ Barbro I. Dahl) og 2006 (v/ Even Bjørdal) har gått føre seg i tre område langs dette høgdedraget ved Figgjoelva (jf. vedlegg 7, 8, 10, 11 og 16).

Undersøkingane har påvist eit omfattande antal anleggsspor i form av stolpehol, gamle kultur-/dyrkingslag, moglege forhistoriske grøfter, kokegroper, mindre eldstadar/kolkonsentrasjonar og minst ei grav. I det følgjande vert grava A30 og den moglege grava A60 omtala i 8.2, dei resterande strukturane er samla i eit delkapittel 8.3 for øvrige anleggsspor.

### 8.2 Grav A30 og mogleg grav A60

Strukturen A30 er lokalisert i den vestlege halvdel av sjakt 1, nokre meter frå krysset med sjakt 2 (jf. vedlegg 11). A30 var ei steinkiste med eit lok av to store og ei mindre heller. Steinkista romma ei **primærgrav** der gravgodset viser at den avlidne har vore ein mann frå vikingtida, sannsynlegvis 800-talet. A30 er konstruert med lengderetninga NØ - SV. Eit lagskilje viste nedgravinga i undergrunnen for steinkistekonstruksjonen; denne nedgravinga hadde eit areal på ca 220 cm x 115 cm. Arealet for loket og dei øvste steinane i den tørrmura kista var noko mindre, ca 195 cm x 110 cm. Sjølv kammeret under hellene var skore ca 30 - 35 cm djupt ned i undergrunnen. Dei indre måla for lengde og breidde er noko vanskelegare å slå fast, sidan berre to av dei mura veggane var nokonlunde bevart (jf. fig. 10, s. 25). Men dei steinane som var att, indikerte at lengda har vore min. 155 cm og breidda ca 80 cm. Sjølv nedgravinga for konstruksjonen gjev hypotetisk sett rom for ei lengde på i underkant av 200 cm. Dette ville også høve med storleiken på dekkhellene. Det er uavklart kvifor den austre kortveggen og den sørlege langveggen er så øydelagt i høve til dei to andre veggane (jf. kap. 6). Steinkister av denne typen, der sjølv gravrommet er omgjeve av ein tørrmur eller reiste heller, var ein relativt utbreidd gravleggingsmåte frå yngre steinalder av. Det finst såleis ei rekkje døme på liknande gravkonstruksjonar i Noreg. For Rogaland sin del, er Gauseldronninga si grav blant dei mest kjende: dokumentasjonen frå utgravinga i 1883



fortel om eit kammer med steinsette veggjar og tre dekkheller. Grava vart funnen att og graven ut nok ein gang i 1997. Denne arkeologiske undersøkinga stadfesta at det hadde vore eit gravkammer på ca 180 cm x 60 cm som var skore ca 35 cm ned i undergrunnen. Gjenstandar frå det rike gravfunnet daterer grava til rundt 850 e. Kr (Børsheim 1997). For øvrig viser gjennomgangen av kulturminne i området ved Nedre Øksnevad at det er påvist fleire graver med steinkammer her (jf. 2.3).

Planteikninga i vedlegg 14 viser at den avlidne var plassert med hovudet (F65) i SV, med sverdet (F45) liggjande langs den venstre sida av kroppen. Ein kniv vart funne i det same preparatet som sverdet, og eit fragment av ei ringnål av bronse (F69) var lokalisert ved den venstre skuldra. Bitar av det som var ei beltespenne av bronse (F75), blei påvist i området for mannen si midje. Eit antal naglar og stifter av jern vart funne i gravfyllet/liklaget. I samband med dei bevarte veggane i steinkista, var det synleg ei mørk/mørk raud stripe av eit nedbrote organisk materiale - moglegvis er dette restar av ei kiste eller ei bære av tre som den daude mannen var lagt på ?

Direkte på overflata av steinkistekonstruksjonen blei det påvist ei mørk masse av nedbrote organisk materiale og kol som inneheldt eit omfattande antal korroderte naglar og stifter av jern. Dette kan vere restar av ei **sekundærgrav**, men det er uavklart. I farge og konsistens likna denne massa mykje på gravfyllet i primærgrava, forskjellen var at massa over hellene hadde eit tydeleg innslag av sot og kol. Men noko av dette brende materialet kan ha kome til som forureining frå kjelder i nærleiken (jf. kap. 6).

Knappe åtte meter vest om A30 i sjakt 1 ligg **den moglege grava A60**. Denne strukturen er mellombels ikkje undersøkt og dokumentert nærmare enn ved framreinsing av overflata og planteikning og foto. Ein har ikkje fullstendig oversyn over utstrekninga til A60 sidan strukturen held fram inn i profilen til den sørlege sjaktkanten. Den avdekte delen av A60 er 110 - 120 cm brei og 135 cm lang og er lokalisert med lengderetninga i NV - SØ - retning. Etter alt å døme er det snakk om ei rektangulær nedgraving: strukturen har ei distinkt anna fyllmasse både når det gjeld farge og konsistens (brun/brungrå humusblanda sand m/ innslag av kol) enn undergrunnen rundt (lys, fin sand/silt). A60 kan såleis ha ein liknande storleik som A30, men framreinsinga avdekte ikkje spor etter noko steinkiste. A60 ligg i eit område der det er påvist ein del sikre stolpehol (jf. vedlegg 11 og 8.3), men utan nærmare undersøkingar og dateringar lét det seg ikkje gjere å seie noko meir om dei innbyrdes tilhøva her.

### 8.3 Øvrige anleggsspor i områda undersøkt i 2005 og 2006

På feltet ved masseuttak A er det avdekkja om lag 30 stolpehol. Fleire av desse må reknast som vage og usikre. På grunn av avgrensa tid og ressursar, har dei ikkje blitt undersøkt og dokumentert nærmare enn ved framreinsing av overflata og planteikning i 1:50 (jf. vedlegg 10). Stolpehola er lokalisert til det relativt flate, veldrenerte terrenget nord på feltet, i den meir hellande delen av undersøkingsområdet med dårlegare drenering er det ikkje påvist strukturar. Det synest ikkje som desse stolpehola kan knytast til ein eller fleire huskonstruksjonar, men det kan verke som at dei ligg langs ei NV - SØ - line. Ei eventuell seinare utviding av feltet mot nord og aust, vil moglegvis kunne avdekke fleire stolpehol og gje ein større kontekst. Innan undersøkingsområdet

er det påvist 14 strukturar (kokegroper, kolkonsentrasjonar) som inneheld eldpåverka materiale som kol og skjorbrend stein. I eit område mellom stolpane A14 og A19 låg det ei samling med raudbrend sand. Dette kan vere resten av botnen på ein eldstad knytt til ein bygning, men dette er uavklart. Kokegropa A38 låg delvis oppe i dyrkingslaget, i nærleiken av profilen ved kanten av feltet. I 2005 vurderte B. I. Dahl tilhøva slik at det kunne vere ei åkerrein synleg i denne profilen, dette vart ikkje undersøkt nærmare i 2006. Struktura A33 er tolka som ein rest av eit gammalt kultur- eller dyrkingslag.

**I området for masseuttak B** undersøkte B. I. Dahl ei kokegrop i 2005 (jf. vedlegg 16).

Det var ikkje tid og ressursar til å snitte anleggsspora i **sjakt 1** i 2006. Difor er ikkje presisjonen i tolkinga meir nøyaktig enn at det er påvist 25 trulege/moglege og ca 15 usikre/lite trulege stolpehol (jf. vedlegg 2 og 10). Det kan ha stått ein bygning orientert i NV - SØ - retning i den vestlege delen av sjakta, i området der den moglege grava A60 ligg. Det finst lenger aust eit antal stolpehol mellom kokegropa A2 og den moglege nedgravinga A23. Desse kan ikkje knytast til noko huskonstruksjon. Det er i sjakt 1 i alt 11 strukturar som inneheldt eldpåverka materiale: fem er tydelege kokegroper (A1, A2, A37, A38 og A63) og fem er meir uklare strukturar som liknar meir på mindre eldstadar/kolkonsentrasjonar (A32, A33, A34, A35 og A36). I tillegg har ein A51, eit anleggsspor som ut i frå tilgjengeleg informasjon er vanskeleg å tolke nærmare: innhaldet av humusblanda sand og grus med innslag av sot, kol og sintra materiale skil seg klart frå den lysare undergrunnen av silt og sand. Det er mogleg at det går nokre smale grøfter ut frå A51 i NV - retning. Kanskje har A51 vore knytt til aktivitetar inne i ein bygning her? Grøfta A28 har eit merkbart lysare og meir utvaska innhald enn dei moderne plogfurene som kom til syne i sjakt 1. A39 er truleg ein rest av eit gammalt kultur-/dyrkingslag av ein liknande type som A33 på feltet ved det eldste masseuttaket. Laget er skore av kokegropene A37 og A38 og såleis eldre enn desse. I eit område like aust om krysset mellom sjakt 1 og sjakt 2 ligg dei tre strukturane A23, A24 og A25 (jf. 6.1). A23 inneheld ei mørkbrun, humushaldig masse med innslag av kol og verkar å gå noko ned i undergrunnen. Dette *kan* vere ei nedgraving. A24 er lysare på farge og grunnare, og den humushaldige, sandblanda massa kan vere ein rest av eit gammalt kultur-/dyrkingslag. A25 kan ha oppstått ved at moderne plog har skore seg ned i undergrunnen og teke med seg noko av A23. Grava A30 ligg om lag på det høgste punktet i sjakt 1, herifrå heller terrenget noko nedover mot begge endane av sjakta.

**Sjakt 2 og 3** vart grovreinsa med krafse slik at ein fekk eit oversyn over kva typar og kor mange anleggsspor som fanst i dei (jf. 5.3). Det vart påvist ein del moglege stolpehol, ei grøft og fire strukturar med eldpåverka masse (kokegroper/eldestadar). Eit område i sjakt 2, i nærleiken av krysset med sjakt 1, er særleg interessant: i ei mørkgrå masse med klart innslag av kol og sot vart det funne leirkarskår av eldre jernaldersk type. Nokre av skåra er av liknande finmagra, svartglitta kvalitet som skår frå feltet ved masseuttak A.

#### **8.4 Samanfatning**

Dei arkeologiske undersøkingane på Nedre Øksnevad (gnr. 7, bnr. 1), i 2005 og 2006 har påvist ei steinkiste med ei primær mannsgrav frå vikingtid og ei mogleg sekundærgrav (A30),

ytterlegare ei mogleg grav (A60), stolpehol, kokegroper og mindre eldstadar/kolkonsentrasjonar, restar av gamle kultur-/dyrkingslag, ei grøft som kan vere førreformatorisk og ei mogleg åkerrein.

## 9 Naturvitskapleg materiale

Det vart i 2005 teke ut ei kolprøve frå profilen i den snitta kokegropa A1 ved området for masseuttak B (nat.vit.nr. 2005/21-1). Prøva er flotert, men materialet er ikkje sendt inn til 14C - datering.

## 10 Tolking av lokaliteten i lys av strukturar og funn

Undersøkingane i 2005 og 2006 har avdekka eit omfattande antal busetnadsspor. Det er funne ein del leirkarskår som etter alt å døme stammar frå eldre jernalder. Nokre av skåra har særtrekk som kan indikere ein bruksperiode på 300-400-talet e.Kr. I sjakt 3 er det gjort eit lausfunn av ei flintflekke frå yngre steinalder. Det er sannsynleg at det i området også har vore tidleg jordbruksbusetnad, dvs. frå yngre steinalder av.

Primærgrava i A30 er førebels på grunnlag av trekk ved gravgodset (særleg sverdet F45) datert til vikingtid, mest truleg 800-talet. Før konserveringsavdelinga har fullført arbeidet knytt til funnmaterialet, er det for tidleg å seie noko bastant om statusen til den mannen som vart gravlagd i steinkista. Men sjølv gravkammeret og det relativt omfattande gravgodset indikerer at den avlidne ikkje stod nær botnen av rangstigen i lokalsamfunnet her ved Figgjoelva.

## 11 Formidling og publikumskontakt

